

Omsorgssaker

Astrid Tveit



Fylkesmannen i Vestland



07.09.2020



Helse- og omsorgstenestelova

- Førebygge, behandle og legge til rette for meistring av sjukdom, skade, liding og nedsett funksjonsevne
- Fremje sosial tryggleik, betre levekår for vanskelegstilte, bidra til likestilling og likeverd og førebygge sosiale vanskar
- Gjere det mogeleg for den enkelte å bu og leve sjølvstendig og ha eit meningsfullt tilvære i fellesskap med andre
- Sikre eit forsvarleg tenestetilbod tilpassa den enkelte
- Sikre samhandling og koordinering av tenestetilbod
- Sikre at ressursar ved utnytta best mogeleg

Tenester som ikkje utan vidare er helse- og omsorgstenester



- Handtering av personleg økonomi
- Tryggleiksalarm
- Omsorgsbustad
- Anna bustad



Klagesaker 2019

Fylkesmannen i Vestland

Kommunale helse- og omsorgstenester: totalt 190 klagesaker

1. Omsorgsstønad
2. Praktisk bistand
3. Avlastningstilbod (barn)
4. Brukarstyrt personleg assistanse
5. Støttekontakt
6. Anna (oppfølging i bustad, psykisk helseteneste, særskilte omsorgstilbod m.m.)



Saksutgreiing og språk

- Kvalitetssikring av språk er viktig for rettstryggleiken
- Klart språk og forståeleg bodskap!
- Tenk på at du sjølv eller nokon du kjenner skal motta brevet/ vedtaket
- Høfleg, venleg og inkluderande form
- Kortfatta, klårt og tydeleg
- Struktur (lesarvenleg)



Litt om praktisk bistand

- I utgangspunktet ingen avgrensing
- Heimehjelp (husmorvikar)
- Vaktmeisteroppgåver/ snømåking
- Følgjetenester
- Innkjøp/ handling
- Eigenomsorg
- (Handtering av personleg økonomi)



Kommunale normer?

- Reingjering av golv; kor ofte?
- Vårreingjering?
- Flytting av tunge møblar?
- Vask av vindauge?
- Oppvask?
- Klesvask?



Kva skal stå i vedtaket?

Vedtaket skal konkretisere kva hjelpa består i

- Oppgåver som skal gjerast av hjelparen
- Omfanget (til dømes; kor mange timar per veke)
- Periode (startdato og eventuelt sluttdato)
- «Inntilvedtak» er ikkje ok (kva om det står 60 minutt, og det alltid vert brukt berre 30 minutt?)
- Grunngjeving

Brukaren må dessutan få vite tidspunkt (vekedag/ klokkeslett)
(avhengig av type teneste.....)



Litt om Brukarstyrt personleg assistanse

- Under 67 år med langvarig behov for personleg assistanse etter helse- og omsorgstenestelova (utover to år)
- Behov for personleg assistanse; minst 32 timar per veke
- Behov for personleg assistanse i meir enn 25 timar per veke, dersom kommunen ikkje kan dokumentere at dette er vesentleg dyrare for kommunen
- Brukarane har ikkje rett til meir hjelp enn det kommunen elles ville ha ytt, men dei får brukarstyring
- Unntatt (tenester som krev meir enn èin tenesteytar, i hovudsak ikkje nattenester, helsetenester)



Klager som gjeld BPA

- 1) Avslag på auke i timetal i BPA-ordninga/har fått innvilga BPA men ikkje nøgd med utmåling av timar
- 2) Tilsetting av nære familiemedlemmar
- 3) Avslag på å få tenester som BPA
- 4) Avslutning av BPA-ordning



Utfordringar vi ser i BPA-klagesaker

- 1) Rett til BPA – men ikkje fleire timar enn til ordinære tenester
- 2) Kommunen og søkjar er ikkje samde om hjelpebehov (timetal)
- 3) Praktisk «plunder»
- 4) Rundskriv vert tolka strengt i nokre tilfelle med omsyn til familie
- 5) Gamle rundskriv frå 1993 og 2015